

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 19.03.2019
Vår ref.: 201502405-8
Arkiv: 323
Dykkar dato: 19.02.2019
Dykkar ref.: 16/2300-30

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til tredje gongs offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Rv 55 Bondeviki - Fardal i Sogndal kommune

Vi viser til brev frå Sogndal kommune datert 19.02.2019. Saka gjeld tredje gongs offentlig ettersyn av detaljregulering for Rv. 55 Bondeviki – Fardal. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbetring av drenering og kurvatur langs vegstrekninga. Veggen vil få litt breiare køyrebane og grøfter, og vegskuldrane blir breiare for å legge betre til rette for sykling langs strekninga.

Slik vi les oversendinga er planen vedteken i kommunestyret 13.12.2018 med eit tillegg om at to område til fritids- og turistføremål skal takast inn i planen. Planen er difor lagt ut til nytt offentlig ettersyn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Siste planframlegg er sendt på høyring med fire veker svarfrist. Vi ber kommunen vurdere om sakshandsaminga følger krava i pbl § 12-10.

NVE har gitt uttale til begge dei tidlegare planframlegga og Statens vegvesen har tatt våre merknader til følgje. Mellom anna er det tatt ut areal til utbygging i sideareal til vegstrekninga som ikkje var avklara i høve til fare for skred.

Merknader til siste planendring

Område BUH1 og BUH2 er tatt inn i planen etter kommunestyret sitt vedtak, og samsvarar slik vi les plankartet med område BFK9 og BFK10 i framlegg til plankart til første gongs offentlig ettersyn.

Område BUH2 ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred, jf. [NVE Atlas](#). Arealet ligg ikkje innanfor område som er kartlagt for skred i bratt terreng og som er brukt som grunnlag for omsynssoner for skred (H310_) i plankartet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi kjenner ikkje til om det er gjort vurderingar av den reelle skredfaren for dette området i samband med tidlegare regulering. Gjeldande regulering er frå 1996 og før tryggleikskrav i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3 var gjeldande. Statens vegvesen har gjort vurderingar av vegstrekinga i høve til akseptkriteria for ferdsel på veg, men desse krava er ikkje i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 og avklarar såleis ikkje skredfaren for areal til utbygging etter pbl.

I vår uttale til første gogns offentleg ettersyn, peika vi mellom anna på at reell skredfare for område BFK10 ikkje var avklara. Etter vårt syn gjeld det same for område BUH2 i siste planframlegg. Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv [H-5/18](#) om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming, står det m.a. følgjande s. 19; «...*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt...*».

NVE meiner at kommunen ikkje kan vedta planen utan dokumentasjon på at reell skredfare for område BUH2 er vurdert og avklara i plandokumenta.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland